

DLV230 Tekst, historie og samfunn

Antall deltakarar

Maks antall deltakarar er 15, minimum antall deltakarar er 5

Studiepoeng: 5

Introduksjon

Studentane vil bli ført inn i to større historiske forskingsarbeid frå norsk historie: Høgsteretts historie 1814-1965 i to bind og Norsk presses historie. Ei rekkje ulike realhistoriske døme frå vide felt som dekkjer store flater av kultur- og samfunnshistorie over eit langt tidsspenn vil bli brukt til å illustrere eit stort spenn av metodiske, teoretiske og kjeldetekniske utfordringar som den aktive forskaren vil støyte på i løysinga av eit omfattande forskingsoppdrag.

Arbeidsformer

Seminar og førelesing, diskusjonar, presentasjon av problemstilling munnleg under kurset og skiving av paper i etterkant av kurset.

Stipendiatane som deltek, skal leggje fram kapittel/delar av eigen avhandling. Dei skal presentere korleis teksten er utforma og forklare kvifor. Presentasjonen vert kommentert av andre deltakarar på kurset, samt kursleiinga. Kurset vil starte med tre førelesingar som tematiserer retoriske utfordringar for vitskapelege tekstar, både kunnskapsteoretisk og praktisk.

Innhald

Det retoriske arbeidet med ein vitskapeleg avhandling er temaet i kurset "Tekst, historie og samfunn". I kurset vert det lagt vekt på å diskutere korleis den vitskapelege teksten blir til, og korleis den formast. I løpet av kurset vil det bli studert korleis vitskapelege sitt ofte samansette forskingsmateriale gjennom skrivinga blir tilgjengeleg som ein ytring som skal kunne lesast relevant i eit forskarsamfunn.

Studentane vil fyrst få ein presentasjon av dei to over nemnde verka og korleis dei er blitt til. Deretter vil kurset innehalde ein hovuddel der ei rekkje ulike døme henta frå desse verka blir brukt til å illustrere teoretiske, metodiske og reint forskingspraktiske problemstillingar. Ein del av kurset vil presentere døme på ulike tekstsjangerar knytt til tid og stad. Det kan vere rettsdokument i klassisk kansellistil frå 1800-talet eller avisjournalistikk frå ulike tider og stader. Ulike måtar å historisere spesialiserte tekstar på vil gå som ein raud tråd gjennom heile kurset. Korleis er det til dømes råd for forskaren å identifisere dei ikkje-intenderte endringar som gjer teksten til ei historisk kjelde? Korleis avgrense konteksten? Korleis rekonstruere nye kon-tekstar?

Læringsutbyte

Ulike relevante tekstteoriar vil bli brukt der det høver, men kurset vil i fyrste rekkje konsentrere seg om forskarhandverket og erfaringar med dette. Det vil såleis ha eit praktisk læringsmål i tillegg til teori og metode. Både desse forskingsprosjekta reiser spesielle krav til sjangerforståing og byr på ulike retoriske strategiar i lesinga av spesialiserte tekstar som kjelder brukt innanfor ein vitskapsretoriske framstillingsstrategi. Vitskapelege lesestrategiar vil difor vere eit læringsutbytte i dette kurset.

Kursdeltakarane skal etter godkjend kurs kunne:

1. Bruke spesialiserte sjangertekstar knytt til profesjonar som juss og media som historiske kjelder

2. Fortelje om ulike vitskapelege lesestrategiar. Korleis identifisere ikkje-intenderte endringar mellom same type kjeldetekstar?
3. Dekonstruere og re-konstruere konteksten rundt kjeldene.
4. Vise at dei kjenner ulike vitskapsretoriske framstillingsstrategiar. Korleis etablere eit samanhangande tekstleg nivå over og mellom kjeldene og handtere eit svært stort og komplisert kjeldemateriale?
5. Redegjere for ulike historiske sjangrar innan norsk sakprosa i tillegg til realhistorie
6. Referere til praktiske forskarerfaringar, bruke teori og referansar.

Litteratur

Studentane vel 500 sider frå denne litteraturlista ut frå egne interesser. Kurset vil vere organisert som både seminar og førelesingar. I tillegg kan annan litteratur bli aktuelt å bruke.

Litteratur:

Langeland, Nils Rune og Sandmo, Erling. : Siste Ord. Høgsterett i norsk historie 1814-1965. Oslo: Cappelen 2 b. ill.

Dahl, Hans Fredrik (red.) : Norsk presses historie 1660-2010. Oslo: Universitetsforlaget 2010. 4 b. ill

Leseliste vil bli sendt ut på førehand

Studentevaluering

Spørjeskjema - skal inngå i evalueringsprosedyren på ph.d.-programma ved fakultetet.

Vurdering tilleggstekst

Det skal være både en muntlig presentasjon og et paper, og det gis en samlet karakter lik bestått eller ikke bestått. Paperets omfang skal være på ca. 10 sider. Kravene til den muntlige presentasjonen gis det nærmere informasjon om, men det dreier seg om en muntlig presentasjon av problemstilling under kurset.

Førelesarar og presentasjonar

Professor Kjell Lars Berge, Universitetet i Oslo/Stavanger: k.l.berge@iln.uio.no

Førsteamanuensis Nils Rune Langeland, Universitetet i Stavanger: nils.r.langeland@uis.no

Professor Johan Tønnesson, Universitetet i Oslo: j.l.tonnesson@iln.uio.no

Kvar stipendiatpresentasjon er berekna til maks. 60 minutt medrekna særskilt oppnemnd kommentator og spørsmål frå gruppa for øvrig.